



## Protokoll frå årsmøte 2017

Park Hotel Vossevangen, Voss 18.april 2018 kl 14.30

Det møtte 15 utsendingar, 8 frå styret, 1 frå valnemd og 2 frå administrasjonen.

- Sak 1 Opning**  
Styreleiar Arne Presthus ynskte velkommen til årsmøte, og innleia med å fortelje om ståa i laget pr i dag og siste året.  
Styreleiar fremja forslag om å flytte sak 3 til før sak 2. Dette blei godkjent.
- Sak 3 Val av møteleiar og skrivar**  
Møteleiar Lars Børge Sæberg og skrivar Janne Alsaker og Britt Karen Alfarnes vart valde.
- Sak 2 Godkjenning av innkalling og sakliste**  
Ole Øvrejorde møtte med fullmakt frå Hallgrim Uppsata. Hallvard Lilleslett hadde fullmakt frå Torleif Dalseide. 10 røyster frå krins 1, 7 røyster frå krins 2, 1 røyst frå valnemd, og 8 røyster frå styret. Til saman 26 røysteføre.  
  
Innkalling og sakliste samrøystes godkjent.
- Sak 4 Val av to til å skrive under møteboka**  
Ole Øvrejorde og Helge Hjortland vart valde.
- Sak 5 Årsmelding for 2017**  
Arne Presthus las opp årsmeldinga.  
Aslak Botten, Ole Øvrejordet og Aslak Jordheim hadde ordet.  
**Vedtak:** Årsmeldinga vart godkjent mot ei røyst.
- Sak 6 Rekneskap for 2017**  
Arne Presthus las opp rekneskapen.  
Aslak Botten, Aslak Jordheim, Helge Arne Espeland og Berit Dale hadde ordet.  
Styret foreslår at overskotet skal gå til eigenkapitalen. Dette blei samrøystes vedteke.  
**Vedtak**  
Rekneskapen for 2017 vart samrøystes godkjent.

LBS



**Sak 7 Arbeidsplan for 2016/2019 - til orientering.**  
Arne Presthus informerte om denne.  
Sak 19/18 frå styremøte: Styret har tidlegare diskutert deling av laget og kome til einigheit, einstemmig, om at vi held fram med vidare drift av laget slik som i dag evt med moglegheit for utviding av aktiviteten i både Buskerud og Hordaland.  
Vedtak: Styret foreslår å drive laget slik som i dag.

**Sak 8 Budsjett for 2018 - til orientering.**  
Arne Presthus informerte. Aslak Jordheim, Pål Helge Haugse og Britt Karen Alfarnes hadde ordet.

**Sak 9 Val etter vedtektene**  
**a) Styreleiar for 1 år:**  
Leiar i valnemnd Kari Håvardrud orienterte om forslaget frå begge krinsar.

Styreleiar for 1 år:	Arne Presthus
Styremedlem	Kjetil Larsgard (1 år att) Reidar Stenberg, Hol (2 år) Svein Hjelmeland, Kvh (2 år) Marit Hesvik, Jondal (1 år att) Ivar Bjørkedokken, Gol (2 år)
Tilsett representant:	Tore Gunnar Hjortland, Kvh (2 år)

Vara:	Magnhild Østraat, Ulvik	Liv Sundrehagen, Ål
	Marianne Nordhus, Kvh	Lars Fullu, Nore

**a) Styreleiar:**

Arne Presthus blei samrøystes vald til ny styreleiar.

**b) Styremedlem:**

Svein Hjelmeland (attval 2 år), samrøystes.  
Ivar Bjørkedokken( ny, 2 år), samrøystes.  
Reidar Stenberg (attval 2 år), samrøystes.

**c) Val av nestleiar for 1 år:**

Kjetil Larsgard, samrøystes. Attvald som nestleiar for 1 år

**d) Val av 4 varamedlemmer til styret, 2 frå kvar krins for 1 år:**

Magnhild Østraat og Marianne Nordhus, samrøystes.  
Liv Sundrehagen og Lars Fullu, samrøystes.



e) **Val av 1 medlem til valnemd for 4 år (styret sitt forslag)**

	1. Vidar Reisæter	Ullensvang	-leiar 2018
	2. Tommy Lid	Rollag	-leiar 2019
	3. Berit Dale	Kvinnherad	-leiar 2020
Ny	4. Hans Steinar Staaland Veggli		-leiar 2021

f) **Val av to varamedlemmer til valnemd for 1 år: vald ved akklamasjon**

	1. Bjørn Kåre Øye	- Jondal	- attval
	2. Martin Storedal	- Torpo	- ny

**Sak 10 Val av revisor for 1 år**  
Styret har forslag om Odda Revisjon.  
**Vedtak**  
Odda Revisjon samrøystes vald for 2018

**Sak 11 Godtgjerdse til tillitsvalde**  
Kari Håvardrud orienterte.  
Forslag frå valnemd:

Styreleiar	Kr. 20 000,- pr.år
Styremedlemer	Kr. 2000,- pr.dag
Andre utsendingar	Kr. 2000,- pr.dag

(eller etter dokumenterte utgifter til avløyser)

Forslag frå salen om godtgjersle til valnemnda. Dette skal styret ta med seg vidare.

Samrøystes vedteke.



**Sak 12 Andre saker: vedtektsendring.**

**§ 8 Årsmøtet. Avsnitt 2**

**Gammal ordlyd:**

Laget sitt styre er ansvarleg for at det vert gjennomført val av utsendingar til årsmøte. Oppgåva kan delegerast til valnemnda.

**Ny ordlyd:**

Laget sitt styre er ansvarleg for at det vert gjennomført val av utsendingar til årsmøte. Oppgåva vert delegert til valnemnda.

Vedtak: Gammal ordlyd: 4 stemmer

Ny ordlyd: 22 stemmer


**Ny ordlyd vedteke.**

Kommentar frå Berit Dale: Utsendingane bør vere klar før kretsmøte.

Møte avslutta ca kl 16.40

Janne Alsaker- skrivar

Underskrifter:

  
-----  
Helge Hjørtland

  
-----  
Ole Øvrejorde

  
-----  
Møteleiar: Lars Børge Sæberg